



Statens vegvesen Region vest

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kaja Baukhol Olsen, 5557 2238

Att. Ole Martin Lilleby

Endring av utsleppsløyve etter forureiningslova for arbeidet med bygging av E39 Myrmel – Lunde i Sunnfjord kommune

Statsforvaltaren i Vestland endrar Statens vegvesen Region vest sitt utsleppsløyve etter forureiningslova. Endringa består i at maksimal vassmengde for innlekkasjevattn vert auka til 30 l/min/100 meter. I det opphavelige løyvet er det rekna med eit innlekkasjevolum på maksimalt 15 l/min/100 meter.

Statsforvaltaren gjev ikkje løyve til flytting av utsleppspunktet for reinsa tunnelvatn.

Løyvet er endra med heimel i forureiningslova § 18.

Vi viser til søknadane om endring av løyve etter forureiningslova frå Statens vegvesen Region vest datert 27. oktober 2021 og Norconsult AS på vegne av utførande totalentreprenør Birkeland Entreprenørforretning AS datert 4. november 2021.


Om saka

Statsforvaltaren gav 19. februar 2021 Statens vegvesen Region vest løyve etter forureiningslova til utslepp av reinsa vatn frå anleggsarbeid i samband med bygging av E39 Myrmel – Lunde i Sunnfjord kommune. Det vart søkt om endring av løyvet 27. oktober 2021 og 4. november 2021. Endringane det vart søkt om gjaldt auking av maksimal vassmengde for innlekkasjevattn til 30 l/min/100 meter og flytting av utsleppspunktet for reinsa tunnelvatn.

Statens vegvesen Region vest opplyste i sin søknad av 27. oktober 2021 om at det er laga ein geologisk rapport for veganlegget som set krav om at ein må ta høgde for eit innlekkasjevolum på 30 l/min/100 meter for heile tunnelen. Den geologiske rapporten vart laga etter at den opphavelige søknaden var send til Statsforvaltaren 2. november 2020. Det vert i søknaden av 27. oktober 2021 opplyst om at dette vil innebere at reinseanlegget må dimensjonast for 9 m³ meir vatn per time. I Statens vegvesen Region vest sin søknad av 2. november 2020 og løyvet av 19. februar 2021 er det rekna med eit innlekkasjevolum på 15 l/min/100 meter. Statens vegvesen Region vest søker derfor om å endre maksimal vassmengde for innlekkasjevattn til 30 l/min/100 meter.



Norconsult AS søkte 4. november 2021 på vegne av utførende totalentreprenør Birkeland Entreprenørforretning AS om endring av utslippspunkt for reinsa tunnelvatn. Det er i løyvet av 19. februar 2021 stilt krav om at det reinsa drifts- og drensavatnet (tunnelvatn) skal førast i røyr nedover bekken ned til der bekken munnar ut i elva Løyken (083-107-R i Vann-nett). Entreprenøren meiner at det vil vere ei utfordring med vedlikehald av utslpps-røyrret og tilsyn med bekken, og at det er risiko for at røyrret kan fryse dersom det vert kalde vintrar. Lengda frå reinseanlegget til Løyken er i overkant av 600 meter ifølgje endringssøknaden frå Norconsult AS. Norconsult AS har synfare bekken sør for Myrmel, og meiner dei har funne eit bra fall i bekken som kan egne seg som utslippspunkt om lag 300 meter nedstrøms tunnelpåhogg og planlagt lokasjon for reinseanlegget. Det vart derfor søkt om å endre utslippspunktet for det reinsa tunnelvatnet.



Figur 1. Lokaltetar for reinseanlegg (grøn stipla sirkel), utslippspunkt jf. utslippsløyvet (blå stipla sirkel) og omsøkt utslippspunkt (raud stipla linje).

Saksgang

Endringssøknadane vart sende på høyring til Sunnfjord kommune. Det har kome inn to fråsegner til endringssøknadane frå Sunnfjord kommune.

Sunnfjord kommune Klima og miljø (17. desember 2021):

«Vi ber dykk vere merksam på følgjande, når det gjeld flytting av utslippspunktet:

- Bekken har etter vår vurdering ikkje årssikker vassføring, og det er såleis eit visst sannsyn for at bekken vil vere tørrlagt sommar og vinter, med dei konsekvensane dette kan ha når det berre er avløpsvatn frå reinseanlegget som kjem ut.



- *Flytting av utsleppspunktet kan og vere positivt med tanke på at ein unngår nedgraving av avløpsleidning i naturen langs bekken ned til hovudelva. Dette er vel for øvrig eit inngrep som ligg utanfor reguleringsplanen for E39, og som bør vurderast iht. LNF-føremålet i kommuneplanen.*
- *Det kan og vere positivt at utsleppspunktet kjem nærare bilveg og såleis er lettare tilgjengeleg for hastetiltak eller vassprøvetaking/tilsyn».*

Sunnfjord kommune Landbruk og miljø (3. januar 2022):

«Eg var i utgangspunktet negativ til den fyrste søknaden, sidan utsleppet var planlagd lagd til ein resipient som ikkje oppnår miljøkrava. Dette gjeld også for den no omsøkte resipienten. Som Truls har skrivt så har denne til tider veldig låg vassføring. Det har tidlegare vore fisk i dette vassdraget og interessentar har lagd ned innsats for å få denne tilbake. Kommunen og Sunnfjord vassområde har denne vassførekomsten som prioritert førekomst for tiltak og overvaking, og har spelt dette inn til overvåkingsprogrammet til Statsforvaltaren. Sunnfjord kommune tillet ikkje noko direkte utslepp i vassdrag, vi krev etterpolering/infiltrasjon. Når vegvesenet søker om å doble utsleppet, og i tillegg vil flytte utsleppspunktet, meiner eg at dei bør kunne prosjektere ei løysing med infiltrasjon. Om ikkje dette let seg gjere, kan det vere at det finst andre løysingar for ekstrareinsing av utsleppet, prefabrikerte».

Statens vegvesen Region vest sine kommentarar til innkomne fråsegner (5. januar 2022):

«Viser til Sunnfjord kommune sine kommentarar til Statens vegvesen og Norconsult/Birkeland sin søknad om endring i vilkår vedrørende anleggsprosjektet E39 Myrnel-Lunde.

- *Økning av grense for maksimal mengde innlekkasje: Som nevnt den 27. oktober 2021 så var vi først på dette tidspunkt klar over at den geologiske rapporten, utarbeidet etter at vi sendte inn opprinnelig søknad til Statsforvalteren, ikke samsvarte hva gjaldt krav satt til innlekkasje. Renseanlegget er dimensjonert til å håndtere 30 l/min/100 meter. For at dette skal inntreffe så har vi tatt høyde for stor innlekkasje av vann. Dette kan inntreffe, men normalen vil ligge langt under dette nivået. Uansett mengde vil det rensede vannet som går ut fra renseanlegget tilfredsstille de krav myndighetene har satt. Vi ser derfor ikke at en eventuell økning av utslipp av rensed vann skal være ett argument for ønske om etterpolering/infiltrasjon.*
- *Statens vegvesen har ingen kommentarar til punktet om usikker vannføring i den omsøkte bekken for utslipp, utover å nevne at det i all hovedsak er i perioden hvor selve tunneldrivingen (boring og sprengning) pågår at også utslippet av det rensede vannet slippes ut. Entreprenør har også mulighet, over en gitt periode, å kjøre renseanlegget på resirkulering (uten utslipp).*
- *Sunnfjord kommune har misforstått hva gjelder nedgraving av avløpsrør. Disse er ikke planlagt nedgravd, men vil i anleggsperioden ligge på overflaten.*
- *Kommunens krav om etterpolering/infiltrasjon er lite faglig begrunnet. Dersom man skal sette krav til etterpolering av tunnelvann som er rensed etter alle myndighetskrav, må det eventuelt gjøres på grunnlag av resipientens kapasitet og tåleevne. Det fremgår heller ikke hva man ønsker å oppnå eller rense? Hvilket grunnlag har kommunen for å stille et slikt krav? Behov for etterpolering er vanligvis gitt med bakgrunn av utslipp av sanitært avløpsvann. I dette prosjektet er det snakk om vann som brukes i forbindelse med boring av tunnelen samt vann fra innlekkasje som måtte forekomme. Statens vegvesen mener også det er seint av Sunnfjord kommune å bringe på banen ett nytt krav nå ettersom dette ikke var ett vilkår i tillatelsen som alt er gitt».*



Statsforvaltaren sine vurderingar og grunngeving

Løyvet etter forureiningslova frå Statsforvaltaren gitt 19. februar 2021 set vilkår for å redusere risiko for spreining av forureining under anleggsarbeidet.

Vurdering av auking av maksimal vassmengde for innlekkasjevatn

Det er i løyvet av 19. februar 2021 rekna med eit innlekkasjevolum på 15 l/min/100 meter. Med endringa det no vert søkt om kan det totale utsleppet frå anleggsarbeidet kunne verte større, men det fører ikkje til ei auking av utslepp av driftsvatn frå driving av tunnelen ettersom det berre er eit større volum for innlekkasjevatn det vert søkt om. Alt vatnet skal framleis reinsast ved å gå gjennom eit sedimentasjonsbasseng og ein oljeutskiljar før utslepp til resipient. Kravet i løyvet om at reinseinnretningane skal vere dimensjonerte for maksimal reell vassmengde og tilstrekkeleg opphaldstid, og at dei skal ha tilfredsstillande sikring mot akuttutslepp gjeld framleis. Statens vegvesen Region vest har forklart i sin søknad at dei vil dimensjonere opp reinseanlegget for å ta imot 9 m³ meir vatn per time. Utsleppsgrensene i løyvet på suspendert stoff = 50 mg/l, olje = 5 mg/l og pH mellom 6 og 8 gjeld òg framleis for utsleppet ut frå reinseanlegget og før utslepp i resipienten. Ei auking av maksimal vassmengde for innlekkasjevatn til 30 l/min/100 meter er derfor etter Statsforvaltaren sine vurderingar av mindre miljømessig betydning og utgjør ikkje auka forureiningsfare. Statsforvaltaren endrar derfor løyvet til at maksimal vassmengde for innlekkasjevatn vert auka til 30 l/min/100 meter.

Sunnfjord kommune skriv i sitt høyringsfråsegn nr. 2 at dei ønskjer at med dobling av utsleppet skal Statens vegvesen Region vest prosjektere ei reinseløysing med etterpolering/infiltrasjon eller eventuelt andre løysingar for ekstrareinsing av utsleppet. Til dette svarar Statens vegvesen Region vest at det kan inntreffe at innlekkasjevatnet utgjør 30 l/min/100 meter, men at normalen vil liggje langt under dette nivået. Reinseanlegget er dimensjonert for å handtere den auka vassmengda. Vidare skriv dei at utsleppet frå reinseanlegget vil tilfredsstillast alle krava Statsforvaltaren har sett, og at dei derfor ikkje ser behovet for etterpolering/infiltrasjon. Statsforvaltaren kan ikkje sjå at ei auking av maksimal vassmengde for innlekkasjevatn krev nye reinsetiltak. Vi set derfor ikkje krav om etterpolering/infiltrasjon eller andre løysingar for ekstrareinsing av utsleppet i denne omgang. Vi vil likevel understreke at verksemda er pliktig til å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7, og har ei tiltaksplicht ved auka forureiningsfare og plikt til å redusere forureining så langt som mogleg, jf. vilkår i dette løyvet. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18 endre vilkåra i løyvet og setje nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake.

Vurdering av endring av utsleppspunktet for reinsa tunnelvatn

I det opphavelige løyvet er det krav om at det reinsa drifts- og drensavatnet (tunnelvatn) skal først i røyr nedover bekken og sleppast ut i elva Løyken der bekken sør for Myrmel møter elva frå Lunde i nord. Dette var på bakgrunn av at bekken har stor variasjon i vassføring, avgrensa nedbørsfelt og at bekken i større grad enn elva lenger nede vert påverka av temperatur og nedbør gjennom året. Sunnfjord kommune opplyste i tillegg i sitt høyringsfråsegn til den opphavelige søknaden om at bekken sør for Myrmel er påverka av ein diffus forureiningskjelde. I den opphavelige søknaden av 2. november 2020 hadde Statens vegvesen Region vest føreslått å føre utsleppsvatnet i røyr nedover til Løyken som eit supplerande tiltak. Statsforvaltaren vedtok derfor at utsleppet av det reinsa tunnelvatnet ikkje skulle sleppast til bekken sør for Myrmel, men verte lagt i røyr med utløp i Løyken.

Statsforvaltaren kan ikkje sjå at desse forutsetningane er endra sidan handsaminga av den opphavelige søknaden. Sunnfjord kommune har òg i sine høyringsfråsegner til endringssøknadane lagt vekt på at bekken ikkje har årssikker vassføring, og at det såleis er eit visst sannsyn for at bekken



vil vere tørrlagt sommar og vinter, og at dette kan føre til at det berre vil vere utløpsvatn frå reinseanlegget som kjem ut. Dersom bekken vert tørrlagt eller det er svært låg vassføring, kan ein mellom anna oppleve negative effektar i form av avleiring frå restar av slam. Ved neste store nedbørsfall og auking av vassføringa kan ein da potensielt oppleve at avleiringa vert vaska ut til Løyken. Ifølgje høyringsfråsegna frå Sunnfjord kommune er denne vassførekomsten prioritert med tanke på tiltak og overvaking, og lokale interessentar har lagt ned ein innsats for å få fisk tilbake i vassdraget.

Statsforvaltaren har vurdert forureiningspotensialet ei slik endring representerer, og har konkludert med at det er ei auka forureiningsfare dersom utsleppspunktet for det reinsa tunnelvatnet vert flytta til ein mindre bekk utan årssikker vassføring som allereie er påverka av ein diffus forureiningskjelde. Statsforvaltaren endrar derfor ikkje utsleppspunktet for reinsa tunnelvatn frå anleggsarbeidet.

Vedtak

Statsforvaltaren endrar Statens vegvesen Region vest sitt utsleppsløyve etter forureiningslova for arbeidet med bygging av E39 Myrmel – Lunde i Sunnfjord kommune. Maksimal vassmengde for innlekkasjevatn vert auka til 30 l/min/100 meter. Statsforvaltaren endrar ikkje utsleppspunktet for reinsa tunnelvatn. Løyvet er endra med heimel i forureiningslova § 18. Statsforvaltaren gir løyve på visse vilkår. Utsleppsløyvet med tilhøyrande vilkår er vedlagt.

Gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren tar sakshandsamingsgebyr for arbeid med utsleppsløyve. På bakgrunn av medgått ressursbruk vil Statens vegvesen Region vest vert pålagt eit gebyr på 17 500 kroner for endringa av løyvet, jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Dette svarar til gebyrsats 7. Faktura vert send frå Miljødirektoratet. Vi viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtak om endring av løyvet, inkludert vedtaket om gebyrsats, kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker etter at de har mottatt dette brevet. I ein eventuell klage skal det gå klart fram kva klagen gjeld, og kva endringar ein ønskjer. Klagen bør vere skriftleg grunngjeven, og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland.

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Kaja Baukhol Olsen
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:
1 Vilkår

Kopi til:
Sunnfjord kommune
Norconsult AS v/ Silja Oda Solheimslid og Andreas Osland Høivik

Postboks 338 6802 FØRDE



Statens vegvesen Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER
Att. Lilleby Ole Martin

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kaja Baukhol Olsen

Løyve til mellombels utslepp i samband med bygging av E39 Myrmel-Lunde – Myrmelstunnelen – Sunnfjord

Statsforvaltaren gir Statens vegvesen Region vest løyve etter forureiningslova til mellombels utslepp av reinsa vatn frå anleggsarbeid i samband med bygging av E39 mellom Myrmel og Lunde i Sunnfjord kommune. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16.

Utslepp av tunnelvaskevatt i driftsfasen krev ikkje løyve etter forureiningslova, jf. § 8.

Vi viser til søknad mottatt 2. november 2020 om løyve etter forureiningslova til utslepp av drifts- og drensvatn i samband med bygging av E39 Myrmel-Lunde. Søknaden gjeld både mellombels løyve til utslepp av drifts- og drensvatn i anleggsfasen og permanent løyve til utslepp av drens- og vaskevatt i driftsfasen.

Statsforvaltaren gir løyve på visse vilkår. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Statsforvaltaren har ved avgjerda vurdert forureininga frå tiltaket opp mot fordelane og ulempene som tiltaket vil føre til. Ved fastsetjing av vilkår har Statsforvaltaren lagt til grunn kva som er mogleg å oppnå med bruk av beste tilgjengelege teknikkar.

Utsleppsløyvet med tilhøyrande vilkår er vedlagt. Statsforvaltaren har regulert dei forholda som er vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

Vi vil påpeke at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette grensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er sett grenser for gjennom særskilte vilkår.

Verksemda er pliktig til å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18 endre vilkåra i løyvet og setje nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake. Endringar skal vere basert på



skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein endringssøknad må difor sendast i god tid før ei eventuell endring kan gjennomførast.

At vi har gitt løyve til forureining fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda viser vi til Miljødirektoratet sine heimesider, www.miljodirektoratet.no.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter er òg straffbart.

Omtale av saksgongen, søknaden og tiltaket

I samband med bygging av E39 Myrmel-Lunde og Myrmelstunnelen søker Statens vegvesen Region vest om mellombels løyve etter forureiningslova til utslepp av reinsa drifts- og drensvatn frå anleggsarbeidet. Det vert samstundes søkt om permanent utslepp frå tunnelen i driftsfasen.

Det skal byggjast 3,7 km med veg, derav 1 km med tunnel, på strekninga av E39 mellom Myrmel og Lunde i Sunnfjord kommune. Tunnelen vil gå under busetnaden i grenda Myrmel mens vegen i dagen i hovudsak vil følgje dagens linje. Føremålet med prosjektet er utbetring av E39 på strekninga mellom Myrmel og Lunde for å betre framkjømda og trafikktryggleiken.

Anleggsfasen

Anleggsverksemda er forventa å starte i 2. kvartal 2021 og vil omfatte bygging av tunnel og veg i dagen. Opning av heile vegstrekningen er planlagt å finne stad sommaren 2023. Sjølve tunneldrivinga er venta å vare i 8 månader. Tunnelen kan verte driven frå både sør og nord, eventuelt begge stader samstundes, men Statens vegvesen har lagt til rette for at tunnelen verte driven frå sør.

Til sprenginga skal det nyttast emulsjonssprengstoff med nitrogeninnhald på 26,2 vektprosent.

Boreriggane skal tilførast vatn for å kjøle ned utstyret og fjerne borekaks. Vanleg vassforbruk til boring er rekna til om lag 200 l/min i 50 % av driftstida.

Ut frå samansetninga av berggrunnen i tiltaksområdet vert det rekna med eit innlekkasjevolum på om lag 150 l/min per km tunnel. For å hindre at innlekkasjane vert for store skal det gjerast tettingsarbeid, dvs. det skal injiserast sementbasert tettingsmiddel (sprøytebetong) i sprekker i tunnelen.

Tiltakshavar har følgjande framlegg til reinsetiltak og utsleppsgrenser: drifts- og drensvatnet skal førast ut av tunnelen og ut i forskjeringane der det skal samlast opp og reinsast i slambasseng og oljeutskiljar før det vert slept ut i resipienten. Grenseverdiane som er føreslegne for utslepp er: Olje: 50 mg/l. Reinsetiltaka skal dimensjonerast ut frå størst tenkjeleg vassmengd. I følgje søknaden skal reinsesystemet dimensjonerast for den samla mengda av både prosessvatn og innlekkasjevatt og alt vatnet skal gå gjennom eit sedimentasjonsbasseng og ein oljeutskiljar før utslepp til resipient.



Ein del av sprengsteinmassane skal nyttast til vegbygginga. Desse massane utgjer om lag 75 000 m³ fast fjell. Massane skal transporterast til riggområdet der dei blir knust og sortert.

Permanent utslepp i driftsfasen

Statens vegvesen søker også om permanent utslepp i driftsfasen. Årsdøgntrafikken på strekninga er 3200. Tunnelen skal ha ein fullvask per år og ein teknisk vask per år. Det skal ikkje brukast såpe i tunnelvasken. Det skal leggjast separate leidningar for drens- og overvatn. Tunnelvaskevatnet og drensvatnet skal ikkje blandast. Drensleidninga skal berre innehalde reint grunnvatn, og drensvatnet vil leiast direkte til resipient. Overvassleidninga vil bli utstyrt med sandfangkummar for kvar 80. meter. Vaskevatnet vil leiast til sluk, sandfang vidare gjennom oljeutskiljar før utslepp til resipient.

Høyring

Søknaden har vore lagd ut til offentleg ettersyn på Statsforvaltaren si nettside, og kunngjord i avisa Firda. Søknaden vart òg send på høyring til Sunnfjord kommune. Det har kome inn fråsegn til søknaden frå Sunnfjord kommune.

Sunnfjord kommune: opplyser om at vassførekomsten Løyken står i risiko for ikkje å oppnå god økologisk tilstand i framtida som følgje av ulike menneskelege påverknader. Kommunen ønskjer å overvake vassførekomsten Løyken med vassprøver i anleggsfasen og første driftsår. Kommunen informerer om at den aktuelle bekken sør for Myrmel er påverka av ein diffus forureiningskjelde som kommunen arbeider med å lokalisere.

Søklar sine merknader til innkomne fråsegner: Statens vegvesen godtar Sunnfjord kommune sitt ønske om å ta vassprøver i Løyken både i anleggsfasen og første driftsår. Statens vegvesen opplyser om at dei vil ta eigne vassprøver av bekken sør for Myrmel før oppstart av anleggsverksemda.

Statsforvaltaren sine vurderingar og grunngeving for vilkåra som er fastsette

Generelt

Statsforvaltaren meiner å ha tilstrekkeleg informasjon til å kunne gjere vedtak i saka.

Etter forureiningslova § 7 må ingen setje i verk noko som kan medføre forureining utan at det er lovleg etter §§ 8 eller 9, eller er tillate etter vedtak i medhald av § 11. Vanleg forureining frå mellombels anleggsverksemd er tillate etter forureiningslova § 8 første ledd punkt 3 når konsekvensane er reversible og tar slutt når anleggsfasen er over. Nærliggjande vassdrag med betydelege brukarinteresser som står i fare for å bli øydelagde er eksempel på tilfelle som ikkje blir rekna som vanleg forureining. Statsforvaltaren har vurdert forureiningspotensialet utsleppet representerer og potensielle brukarkonfliktar, og funne at tiltaket krev løyve etter forureiningslova § 11.

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 og vassforskrifta § 12 er lagde til grunn som retningslinjer ved skjønnsutøving etter forureiningslova.



Plan- og bygningslova

Prosjektet er regulert i reguleringsplanen for E39 Myrmel-Lunde vedtatt 28.06.2016. Dispensasjon for etablering av riggområde for handtering og knusing av steinmassar i samband med bygging av E39 Myrmel-Lunde vart vedteken 16.09.2020.

Utslepp til vatn i anleggsfasen

Statens vegvesen Region vest har søkt om å få sleppe ut reinsa drifts- og dreinsvatn i samband med bygging av E39 Myrmel-Lunde og Myrmelstunnelen. Ved driving av tunnel vert det danna drifts- og dreinsvatn (heretter kalla tunnelvatn) frå ulike kjelder: innlekkasje frå omliggjande fjell, påbora vatn og driftsvatn frå boreriggane. Mengd innlekkasje og påbora vatn er avhengig av dei geologiske tilhøva i området og kor langt inn i tunnelen ein er komen. Kvaliteten på tunnelvatnet vil kunne variere gjennom anleggsfasen. I dei tidsromma det vert bora og sprengt, vert det utvikla mykje steinstøv, slampartiklar og diverse andre stoff i partikulært eller oppløyst form. Utslepp av partiklar over lang tid vil kunne slamme ned botnen av elva og vatnet, noko som vil kunne føre til at leveområdet til botnlevande organismar vert endra og/eller øydelagt.

Utslepp frå denne type anleggsverksemd er i hovudsak suspenderte partiklar, nitrogen og olje/oljeprodukt. I tillegg vil høg pH (> 8-9) kunne føre til at ammonium vert omdanna til ammoniakk, som er svært giftig for vasslevande organismar. Tunnelvatnet må difor reinsast og pH-justerast før det vert slept ut til resipienten. Det er sett utsleppsgrenser for pH, suspendert stoff og olje. Det er også stilt krav om oppsamling av eventuell plast og skytestrengar før utslepp til resipient. Dersom det skulle vise seg at dei etablerte reinseanlegga ikkje reinsar tilstrekkeleg, så må verksemda gjennomføre avbøtande tiltak.

Finstoff/steinstøv

Både sprengsteinmassar og tunnelvatn etter fjellsprenging vil kunne innehalde partiklar. Avrenning av partikkelholdig vatn kan ha ein negativ effekt på fisk og andre vasslevande dyr. Sprengstein og jord skal brukast og lagrast på ein slik måte at det ikkje fører til utvasking og utslepp direkte til vassdraget. Slik avrenning vil kunne slamme ned botnen av elva. Partiklar frå sprengstein er skarpe og kan føre til skade på organismar med gjeller.

pH

Det skal nyttast sementprodukt (sprøytebetong) for å sikre og tette tunnelen. Slike produkt vil periodevis gi høge pH-verdiar (pH > 9) i tunnelvatnet.

Nitrogen

Sprenginga vil føre til utslepp av nitrogensambindingar frå sprengstoff som ikkje vert omsett. Søkjar opplyser at det skal nyttast emulsjonssprengstoff med eit nitrogeninnhald på 26,2 %. Om lag 10 % av sprengstoffet vert ikkje omsett. Ut frå berekningar og røynsle frå andre prosjekt, vert det rekna med at 30-50 % av dette vil bli ført med dreinsvatnet, dvs. 3-5 % av nitrogeninnhaldet.

Sprengstoffrestar inneheld i hovudsak ammonium (NH_4^+) og nitrat (NO_3^-). Ammonium og ammoniakk (NH_3) vil ved nøytral pH vere i likevekt der mesteparten ligg føre som NH_4^+ . Dersom pH er høg (>8-9) vil likevekta verte skyvd mot høgre, dvs. at mesteparten ligg føre som NH_3 , som er akutt giftig for vasslevande organismar. Utslepp av nitrogensambindingar vil i tillegg ha ei gjødslande effekt. Forholdet mellom fri ammoniakk og ammonium er avhengig av både temperatur og pH. Det er vanskeleg å reinse nitrogenrestar, og justering av pH vil vere avgjerande for om det blir danna ammoniakk. Det skal etablerast eit system for overvaking av pH. Det er sett krav til pH mellom 6-8 på



utsleppet, og vi meiner dette vil sikre at det ikkje oppstår ammoniakkmengder i vatnet som vil vere giftig for vasslevande organismar. Statsforvaltaren har på bakgrunn av dette ikkje stilt krav til måling av ammonium.

Olje

I anleggsprosjekt kan ein få utslepp av olje frå anleggsmaskiner pga. lekkasjar på drivstofftank og hydraulikksystem, søl i samband med fylling av drivstoff og ved reparasjonar av anleggsmaskiner innanfor anleggsområdet. I løyvet set Statsforvaltaren vilkår for korleis risiko for oljeforureining skal førebyggjast og handterast. Dette skal dokumenterast gjennom internkontroll (risikovurdering, avvikshandtering, skriftlege rutinar for kritiske arbeidsprosessar mv.), sikring av lagertankar for oljeprodukt, metodar for oppsamling av olje ved uhell (absorbentar mv.) og til slutt gjennom krav for grenseverdi for olje ut frå reinseanlegget. Fisk og andre vasslevande organismar er sårbare for oljeforureining. Vi har difor satt vilkår om at olje ut frå reinseanlegget skal vere 5 mg/l.

Plast

Under sprengingsarbeidet vert det nytta plast i form av skyteleidningar og fôringsrøyr. Plast som ikkje vert samla opp, vil stort sett følgje med sprengsteinmassane og vil etter kvart kunne bli broten ned til mikroplast. Plastavfall bør difor samlast opp så langt det let seg gjere.

Støy

Anleggsverksemda vil føre med seg støy. Sunnfjord kommune er styresmakt for støy knytt til anleggsarbeidet og gjev vilkår for grenseverdiar for støy i anleggsfasen etter plan- og bygningslova.

Vasking

Eventuelle vaske/spyleplasser på anleggsområdet skal ha avløp via oljeutskiljar som er dimensjonert slik at kravet til olje i vilkår 3 blir haldne. Det er ikkje lov å vaske betongbilar utan reinsing av vaskevatt. Vaskevatt frå betongbilar eller betongrenner skal ikkje gå til resipient utan pH-justering. Utslepp frå vasking av betongbilar skal tilfredsstillende krava om suspendert stoff 50 mg/l og pH mellom 6-8 for å unngå skade eller død på anadrom fisk og andre vasslevande organismar.

Vurdering av resipient

Det er søkt om utslepp av det reinsa drifts- og drensvatnet til ein bekk sør for Myrmel. Det blir opplyst i søknaden om at bekken har stor variasjon i vassføring, avgrensa nedbørsfelt og at bekken blir påverka i større grad av temperatur og nedbør gjennom året enn elva lenger nede. Vidare blir det opplyst om at vassføringa i bekken kan vere liten i sommarmånader med lite nedbør, og at ved lite vassføring kan ein oppleve negative effektar i form av avleiring frå rester av slam. I tråd med føreslegne supplerande tiltak i søknaden set Statsforvaltaren difor krav om endring av utsleppspunkt. Det reinsa drifts- og drensvatnet skal førast i rør nedover bekken slik at det sleppes ut i elva Løyken der bekken sør for Myrmel møter ei elv frå Lunde i nord. Området for utslepp av reinsa drifts- og drensvatn frå bygging av E39 mellom Myrmel og Lunde og driving av Myrmelstunnelen i Sunnfjord kommune vil da høyre inn under vassførekomsten Løyken (083-107-R i Vann-nett).

Utslepp til vatn i driftsfasen

Tunnelen mellom Myrmel og Lunde er kort og har lav ÅDT. Det er utført risikovurdering og skildra rutinar for gjennomføring av vasken. Vi reknar med at tunnelvask blir gjort på ein måte som ikkje fører til negativ påverknad på ytre miljø. Vi har difor vurdert at utslepp frå driftsfasen ikkje krev løyve etter forureiningslova, jf. § 8.



Vurdering etter vassforskrifta

Miljømålet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal oppnå minst god økologisk og kjemisk tilstand. Tiltaket det er søkt om utsleppsløyve for skal vurderast etter «Forskrift om rammer for vannforvaltningen» (vassforskrifta). Paragrafane 4-6 i vassforskrifta seier i utgangspunktet at reduksjon av tilstandsklasse ikkje skal tillatast.

Det reinsa drifts- og drensvatnet frå det mellombelse utsleppet ved anlegget går til vassførekomsten Løyken som høyrer til under vassområde Sunnfjord, som høyrer til vassregion Vestland. Løyken går vidare til elva Gaula (083-108-R i Vann-nett), og heile området inngår i Gaularvassdraget. Løyken er registrert med moderat økologisk tilstand, og ukjend kjemisk tilstand. Det går fram av Vann-nett at vassførekomsten er påverka av ein diffus forureiningskjelde.

Ein skal ikkje tillate aktivitetar som gir dårlegare miljøtilstand enn dagens situasjon i resipientar, men anleggsarbeidet vil ha ein mellombels effekt på resipienten. Statsforvaltaren meiner at med dei reinsetiltak og vilkår som er sett i løyve, så vil tiltaket ikkje føre til at økologisk og kjemisk tilstand blir forverra. Krava i vassforskrifta er difor ikkje til hinder for å gi løyve etter forureiningslova.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Utslepp av tunnelvatn vil i hovudsak kunne få verknad for livet i Løyken og Gaula ved at det vert slept ut finpartiklar/steinstøv og nitrogensambindingar. I tillegg kan det førekomme utslepp av olje og plastpartiklar. Utsleppet vil få mindre å seie for dyr og plantar på land.

Det reinsa avløpsvatnet går til vassførekomsten Løyken som går vidare til Gaula. Heile området inngår i Gaularvassdraget som er eit verna vassdrag og nasjonalt laksevassdrag. Nasjonale laksevassdrag er oppretta for å gi viktige laksebestandar eit særskilt vern, og det skal difor ikkje gjennomførast tiltak som kan skade laksen. Avrenning av partikkelholdig vatn vil ha ein negativ konsekvens ved at det fører til nedslamming av gytegroper. Det er eit stykke frå anleggsområdet til anadrom strekning, men erfaring viser at finpartikulært stoff frå anleggsarbeid sedimenterer langt frå utsleppspunktet når det først når vassdrag. Det er difor eit krav at anleggsvatnet skal reinsast og innhald av suspendert stoff skal vere så lavt at det ikkje fører til nedslamming.

Kravet i naturmangfaldlova er at saka i hovudsak skal vere basert på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap. Statsforvaltaren har vurdert saka etter §§ 8-12 i naturmangfaldlova. Relevante databasar og rapportar er gjennomgått. Vi har ivarettatt føre var prinsippet ved å stille strenge utsleppskrav og redusert den eventuelle påverknaden på biologisk mangfald så langt som råd. Dersom det viser seg at ein etter ferdigstilling av prosjektet har redusert kvaliteten på Løyken eller Gaula i form av øydelagde gytegroper eller liknande, så skal det utførast opprydding og habitatforbetrande tiltak for å rette opp forholda.

Konklusjon

Eit kvart utslepp av forureining til vatn er i utgangspunktet uheldig, anten det er snakk om steinpartiklar, olje, plast eller sprengstoffrestar. I løyvevilkåra er det sett krav til maksimalkonsentrasjonar av olje og suspendert stoff etter reinsing. Det er i tillegg sett krav om at pH i reinsa utsleppsvatn skal ligge i området 6-8.

Under føresetnad om at dei avbøtande tiltaka som er planlagde og pålagde vert gjennomførde, vurderer Statsforvaltaren at konsekvensane for naturmangfald, vasskvalitet og bruksinteresser som



følgje av anleggsarbeidet vert akseptable. Statsforvaltaren gir difor løyve etter forureiningslova § 11. Statsforvaltaren tek likevel atterhand om at det kan bli kravd ytterlegare tiltak dersom dette skulle vise seg naudsynt. Statsforvaltaren vil følgje opp anlegget gjennom krav om rapportering om eventuelle avvik frå reinsekrav og ved tilsyn.

Fristar

Tabell 1 nedanfor gir oversikt over fristar for gjennomføring av tiltak vi har stilt krav om i løyvet.

Tabell 1. Fristar for gjennomføring av tiltak.

Tiltak	Frist	Tilvising til vilkår
Sende program for utsleppskontroll til Statsforvaltaren	Før anleggsstart	7.1
Sende overvakingsprogram til Statsforvaltaren	Før anleggsstart	7.2
Rapport med resultat frå overvaking av Løyken/Gaula	Innan tre månader etter avslutta overvaking	7.2
Sende sluttrapport til Statsforvaltaren	Innan seks månader etter at anleggsarbeidet er slutført	7.3

Vedtak om gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren tar sakshandsamingsgebyr for arbeid med utsleppsløyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 39. Verksemda skal betale 33 800 kroner i gebyr for løyvet, jf. forureiningsforskrifta § 39-4, sats 6. Gebyrsatsen er valt på bakgrunn av ressursbruken Statsforvaltaren har hatt i samband med sakshandsaming av løyvet. Faktura vert send frå Miljødirektoratet.

Endring og tilbakekalling av løyvet

Med heimel i § 18 i forureiningslova kan Statsforvaltaren gjere om eller setje nye vilkår for løyvet. Statsforvaltaren kan om naudsynt kalle heile løyvet tilbake. Brot på føresetnadene for løyvet kan føre til at det kan måtte vurderast på nytt.

Tilsyn og ansvar

Statsforvaltaren eller den han gir fullmakt, skal til ei kvar tid ha tilgang til alle delar av anlegget, journalar, rekneskap, interne vedtak, m.m. for tilsyn og kontroll, jf. §§ 48-50 i forureiningslova.

Drifts- og vedlikehaldsrutinar skal leggjast opp slik at tiltakshavar til ei kvar tid har oversyn over anlegget og prosessane sine funksjonar og effektar. Ajourført informasjon skal når som helst, og utan ugrunna opphald kunne givast til kontrollør.

Den som har fått utsleppsløyve er ansvarleg for at anlegget vert vedlikehalde og drive slik at det til ei kvar tid svarar til føremålet for tiltaket, vilkåra i løyvet og reglane i forureiningslovgivinga.



Den som har fått løyve kan verte pålagd å koste og/eller delta i overvaking og/eller gransking av resipient (vatn, jord og luft), jf. § 51 forureiningslova.

Dette løyvet frittek ikkje søkjaren for å hente inn løyve for andre sider av verksemda som t.d. arbeidsmiljø-, helse- og landbrukslovgivinga.

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som forureinar å svare erstatning som måtte følgje av forureiningslova og vanlege erstatningsreglar, jf. kap. 8 og § 10 i forureiningslova.

Rett til å klage

Dersom det er noko i løyvet de vil klage på, inkludert vedtaket om gebyrsats, kan de sende klage til Miljødirektoratet.

Partane involvert i saka og andre med særleg interesse kan klage innan tre veker frå verksemda har mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. I ein eventuell klage skal det gå klart fram kva klagen gjeld, og kva endringar ein ynskjer. Klagen bør vere grunngjeven og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland.

Verksemda kan òg klage på vedtaket om gebyrsats til Miljødirektoratet innan tre veker etter at verksemda har mottatt dette brevet, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage bør vere grunngjeven og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må difor betale det fastsette gebyret. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje vil overskottsbeløpet bli refundert.

Offentleggjing av løyvet

Ålmenta skal gjerast kjend med vedtaket, jf. § 36-11 i forureiningsforskrifta. Statsforvaltaren vil kunngjere vedtaket på sine heimesider www.statsforvalteren.no/vestland.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Vilkår til løyvet

Kopi til:

Sunnfjord kommune Postboks 338 6802 FØRDE

Endra løyve etter forureiningslova til utslepp frå bygging av E39 Myrmel - Lunde for Statens vegvesen Region vest

Statsforvaltaren endrar Statens vegvesen Region vest sitt løyve med heimel i forureiningslova § 18. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar som kom fram i søknad av 2. november 2020, endringssøknadar av 27. oktober 2021 og 4. november 2021, og opplysningar som kom fram under handsaming av søknadane. Løyvet gjeld frå dags dato og fram til anleggsarbeidet er avslutta.

Dersom verksemda ønskjer endringar i driftsforhold som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må verksemda i god tid på førehand søkje om endring av løyvet. Verksemda bør først kontakte Statsforvaltaren for å avklare behovet for slik endring.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 4 år etter at løyvet er tredd i kraft, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda slik at Statsforvaltaren kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Data om verksemda

Verksemd	Statens vegvesen Region vest
Stad/gateadresse	Askedalen 4
Postadresse	6863 Leikanger
Kommune og fylke	Sogndal kommune i Vestland
Org. nummer (verksemd)	974 744 414 (eigd av: 971 032 081)
Lokalisering av anlegg	UTM sone 32, aust: 327329, nord: 6806397
NACE-kode og bransje	84.130 - Offentleg administrasjon tilknytt næringsverksemd og arbeidsmarknad

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Ephorte nummer
2021.0170.T	4647.0159.01	2020/16731

Løyve gitt første gong: 19.02.2021	Løyve sist revidert i medhald av fl § 18 tredje ledd:	Løyve sist endra: 13.01.2022
Magne Nesse senioringeniør		Kaja Baukhol Olsen overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk



Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Endringar
1	13. januar 2022	3.1	Endra maksimal vassmengde for innlekkasjevatt til 30 l/min/100 meter. Presisering av utsleppspunkt for reinsa tunnelvatn.

Innhald

1	Løyvet omfattar	4
2	Generelle vilkår	5
2.1	Utsleppsavgrensingar	5
2.2	Plikt til å halde grenseverdiar	5
2.3	Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg	5
2.4	Plikt til førebyggjande vedlikehald	5
2.5	Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare	5
2.6	Internkontroll	5
3	Utslepp til vatn	6
3.1	Utsleppsavgrensingar	6
3.2	Utsleppsreduserande tiltak ved anleggsarbeid	6
3.3	Utsleppsreduserande tiltak ved lagring og bruk av jord og steinmassar	7
3.4	Drift og vedlikehald av reinseanlegg	7
3.5	Sanitæravløpsvatn	7
4	Grunnforureining og forureina sediment	7
5	Kjemikal	8
6	Avfall	8
6.1	Generelle krav	8
6.2	Handtering av avfall	9
6.3	Handtering av botnrensk frå tunnel og slam frå reinseanlegg	9
6.4	Handtering av jord og steinmassar	9
7	Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren	9
7.1	Utsleppskontroll	9
7.2	Overvaking av resipient	10
7.3	Sluttrapport	10
8	Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining	11
8.1	Miljørisikoanalyse	11



8.2	Førebyggjande tiltak.....	11
8.3	Beredskapsetablering	11
8.4	Varsling av akutt forureining.....	11
9	Tilsyn.....	11
	Vedlegg 1 Liste over prioriterte miljøgifter.....	12




1 Løyvet omfattar

Løyvet gjeld forureining frå anleggsarbeid i samband med bygging av E39 Myrmel-Lunde og Myrmelstunnelen i Sunnfjord kommune. Dette gjeld utslepp av reinsa drifts- og drensvatn frå tunneldriving, avrenning frå eventuelle vaskeplassar, lagring av steinmassar og generelt anleggsarbeid.

Anleggsverksemda er forventa å starte i 2. kvartal 2021, og opning av heile vegstrekningen er planlagt å finne stad sommaren 2023. Det skal byggjast om lag 3,7 km med veg, derav om lag 1 km med tunnel.

Det er opplyst i søknaden om at det skal etablerast eit knuseverk på riggområdet. Vi minner om at det i god tid før knuseverket blir etablert, skal sendast inn melding til Statsforvaltaren med opplysningar om støy, støv og utslepp til vatn, jf. forureiningsforskrifta § 30-11. Merk forureiningsforskrifta § 30-9 bokstav b som krev at for knuseverk som blir etablert nærmare enn 200 meter frå nærmaste nabo (bustad, fritidsbustad mm.), skal det gjennomførast ei støyvurdering før oppstart som skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Meldeskjema finn de på Statsforvaltaren sine heimesider.



Figur 1. Oversiktskart som viser planområdet ved Myrmel og Lunde.



2 Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppførte i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra i løyvet.

2.2 Plikt til å halde grenseverdier

Alle grenseverdier skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som er vanleg for verksemda i ein slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, dette gjeld også for støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i løyvet.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengda, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som eit minimum føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert.

2.5 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere forureiningsmynda om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 8.4.

2.6 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift ¹. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet,

¹ Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) av 06.12.1996, nr. 1127



forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda skal alltid å ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoen med forureining. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til *akutt* forureining følgjer av punkt 8.1.

3 Utslepp til vatn

3.1 Utsleppsavgrensingar

Utsleppsgrensene i tabell 1 gjeld måling ut frå reinseanlegg og før utslepp i resipient.

Tabell 1. Utsleppsgrensar.

Parameter	Grense ut frå reinseanlegg	Resipient
Suspendert stoff	50 mg/l	Løyken
Olje	5 mg/l	
pH	6-8	

Ut frå samansetninga av berggrunnen i tiltaksområdet vert det rekna med eit innlekkasjevolum på maksimalt 30 l/min/100 meter. Boreriggane skal tilførast vatn for å kjøle ned utstyret og fjerne borekaks. Vanleg vassforbruk til boring er rekna til om lag 200 l/min i 50 % av driftstida.

Det reinsa drifts- og drensvatnet (også kalla tunnelvatn) skal førast i røyr nedover bekken og sleppast ut i elva Løyken der bekken sør for Myrmel møter elva frå Lunde i nord.

3.2 Utsleppsreducerande tiltak ved anleggsarbeid

Riggområdet skal etablerast slik at eventuell forureining frå det kan kontrollerast.

Det skal etablerast rutinar for påfylling av drivstoff, vedlikehald av maskinpark mv. med føremål å redusere forureining til grunn og resipient. Ved eventuelle punktutslepp av olje eller drivstoff skal mest mogleg samlast opp. Absorbentar skal vere tilgjengeleg på stader der oljesøl kan oppstå.

Det skal ikkje etablerast verkstader og vaske/spyleplassar med direkte avrenning til resipient. Ein eventuell vaskeplass skal ha tett dekke og oljeutskiljar, og tilfredsstillende utsleppskrava i tabell 1.

Det er ikkje tillate å vaske betongbilar utan reinsing og med utslepp direkte til elva, då dette kan medføre høge pH-verdiar. Vaskevatn frå betongbilar skal leiast til reinseanlegg og pH-justerast, jf. tabell 1.

Det skal setjast i verk effektive tiltak for oppsamling av eventuelle plastrestar og skytestrengar før utslepp til resipient. Dersom plastrestar når Løyken eller Gaula, må det setjast i verk avbøtande tiltak.

Verksemda skal handtere overvatn i anleggsperioden slik at det ikkje fører til skade eller ulempe for miljøet. Det er ikkje sett krav om konkrete reinseløysningar. Det er forventa at anleggsarbeidet blir utført etter prinsipp der følgjande vert lagt til grunn:



- Avskjerande tiltak for å redusera overvasstilrenning gjennom anleggsområdet
- Sikring av skrånningar mot erosjon
- Bruk av naturleg tilgjenglege sedimenteringsløysingar avhengig av lokale terrengforhold osv.

3.3 Utsleppsreducerande tiltak ved lagring og bruk av jord og steinmassar

Mellomlagring og bruk av jord og sprengstein skal skje på ein slik måte at ein ikkje får partikkelavrenning til vassdrag. Avrenning frå jord og stein skal unngåast ved å etablere avskjerande grøfter og vatnet frå grøftene skal reinsast før utslepp til resipient.

3.4 Drift og vedlikehald av reinseanlegg

Drifts- og drensvatn frå tunneldrivinga skal reinsast i sedimenteringsbasseng og oljeutskiljar før det vert ført til resipient. Reinseinnretningane skal vere dimensjonerte for maksimal reell vassmengd og tilstrekkeleg opphaldstid, og dei skal ha tilfredsstillande sikring mot akuttutslepp. Ekstreme vêrforhold må være inkludert i risikovurderinga og beredskapsplanen, jf. vilkår 8 i dette løyvet.

Det må førast jamleg kontroll med reinseanlegg og eventuelle infiltrasjonsgrøfter. Desse må tømmast og reingjerast ved behov. Det skal etablerast skriftlege rutinar for å følgje opp reinseanlegga i anleggsperioden. Rutinane må skildre tømning og prøvetaking slik at krava til utslepp frå reinseanlegget blir haldne.

3.5 Sanitæravløpsvatn

Kommunen er styresmakt for regulering av sanitæravløpsvatnet frå verksemda.

4 Grunnforureining og forureina sediment

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Verksemda pliktar å setje i verk førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn og tiltak som er eigna for å avgrense verknaden på miljøet av eit eventuelt utslepp. Utstyr og tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn, eller hindre at eventuelle utslepp fører til skade eller ulempe for miljøet, skal overvakast og haldast ved like regelmessig. Denne plikta gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadar og ulemper som skal hindrast.

Verksemda pliktar å halde kontinuerleg oversikt over både eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og eventuell forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreining, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal forureiningsstyringsmakta varslast om dette.

Terrenginngrep som kan medføre fare for at forureining i grunnen spreier seg, må ha godkjend tiltaksplan etter forureiningsforskrifta kapittel 2², og eventuelt løyve etter forureiningslova. Tiltak i forureina sediment må ha løyve etter forureiningslova eller forureiningsforskrifta kapittel 22.

² Jf. forureiningsforskriftens kapittel 2 om opprydning i forurenset grunn ved bygge- og gravearbeider



5 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukte i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal. Slike kjemikal kan til dømes vere groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel brukte for å hindre brann.

For kjemikal som vert brukte på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøegenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.6 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Verksemda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som vert brukte, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemda å bruke desse så langt dette kan gå føre seg utan urimeleg kostnad eller ulempe.³

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukte utan at dei oppfyller krava i REACH-regelverket⁴ og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

6 Avfall

6.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det vert danna avfall som følge av verksemda. Verksemda skal i størst mogleg grad avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet.

Avfall som oppstår i verksemda, skal primært brukast om att, anten i eigen eller i andre verksemdar sin produksjon. Dersom dette ikkje er mogleg, eller det fører til urimelege kostnader, skal avfallet først og fremst materialgjenvinnast. Dersom dette heller ikkje er mogleg utan urimelege kostnader, skal avfallet så langt det er råd gjenvinnast på annan måte.

Verksemda pliktar å sørgje for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall, vert utført i samsvar med gjeldande reglar for slik handtering, som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova og avfallsforskrifta⁵.

Farleg avfall kan ikkje fortynnast på ein slik måte at det kan reknast som ordinært avfall. Ulike typar farleg avfall kan ikkje blandast dersom dette kan føre til fare for forureining, eller det vil skape problem for den vidare handteringa av avfallet. Farleg avfall kan heller ikkje blandast saman med anna avfall, med mindre det lettar den vidare behandlinga av det farlege avfallet og dette gir ei miljømessig minst like god løysing.

³Jf. lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolllova) av 11.06.1979, nr. 79, om substitusjonsplikt § 3a

⁴ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30. mai 2008, nr. 516

⁵ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften) av 01.06.2004, nr. 930



6.2 Handtering av avfall

All handtering av avfall skal utførast slik at det ikkje fører til avrenning til grunn eller overflatevatn. Sjenerande støving skal unngåast. Farleg avfall skal ikkje lagrast lenger enn 12 månader.

I tillegg gjeld følgjande:

- a. All handtering av avfall skal vere basert på ei risikovurdering, jf punkt 2.6 og 8
- b. Verksemda skal ha kart der det går fram kor ulike typar avfall er lagra
- c. Avfallslager skal vere sikra slik at uvedkommande ikkje får tilgang. Lagra farleg avfall skal ha forsvarleg tilsyn. Lagra avfall skal vere merka slik at ein ser kva som er lagra
- d. Avfall som ved samanblanding kan gi fare for brann, eksplosjon eller at farlege stoff blir danna, skal lagrast med nødvendig avstand
- e. Alt farleg avfall, uavhengig av mengde, skal lagrast innandørs og på tett dekke⁶ med oppsamling av eventuell avrenning. Annan lagringsmåte kan godtakast dersom verksemda kan dokumentere at den valde lagringsmåten gir minst like låg risiko og like godt vern

6.3 Handtering av botnrensk frå tunnel og slam frå reinseanlegg

Botnrenskmassar frå tunnel og slam frå reinseanlegga og grøfter inne i tunnelen vert rekna som næringsavfall og skal handterast i tråd med forureiningslova § 32. Det skal takast prøvar av slammet/botnrenskmassane. Dersom analyser viser at konsentrasjonen av helse- og/eller miljøfarlege stoff ligg under normverdiane gitt i forureiningsforskrifta kapittel 2, vedlegg 1, så kan massane disponerast i tråd med faktaark M-1243/2018 «Mellomlagring og sluttdisponering av jord- og steinmasser som ikke er forurenset». Er innhaldet over normverdiane, skal massane leverast til lovleg avfallsanlegg.

6.4 Handtering av jord og steinmassar

Overskotsmassane frå tunneldrivinga vert rekna som næringsavfall (jf. forureiningslova § 32) og skal handterast i samsvar med faktaark M-1243/2018.

7 Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren

7.1 Utsleppskontroll

Verksemda skal kontrollere og dokumentere utsleppa ved å gjennomføre målingar. Det skal utarbeidast og setjast i verk eit måleprogram med tilhøyrande skriftelege interkontrollrutinar og driftsinstruksar for å følgje opp instrument for måling i anleggsperioden. Plassering av målepunkt skal baserast på fagleg vurdering utført av fagfolk med kompetanse.

Målingane skal omfatte prøvetaking, analysar og/eller berekningar. Prøvane skal takast og handterast i samsvar med Norsk Standard. Dersom slik standard ikkje finst, kan anna internasjonal standard nyttast. Prøvetaking skal utførast av personar med naudsynt kompetanse. Analysane skal utførast av eit laboratorium som er akkreditert for dei aktuelle analysane. Verksemda skal jamleg utføre kontroll og kalibrering av måleutstyr.

⁶ Med tett dekke er meint fast, ugjennomtrengelig og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle materialar/avfallstypar.



Målingane/berekingane skal utførast slik at dei er representative for det faktiske utsleppet tiltaket kan føre til. Verksemda skal utarbeide eit måleprogram for dei parameterane som er omtalte i vilkår 3. Frekvensen for prøvetaking må vere høg nok til å kunne fange opp variasjonar i utsleppa. Sidan akkreditert metode for suspendert stoff må baserast på stikkprøvar, så skal utsleppet også målast kontinuerleg for turbiditet. Måleprogrammet skal beskrive metode for å etablere ein samanheng mellom suspendert stoff og turbiditet, forslag til midlingstider, val av parameter m.m. Når det er etablert ein lineær samanheng mellom prøveresultat for suspendert stoff og turbiditet, så kan målingane baserast på turbiditet med alarmgrenser og midlingstider. Forslag til dette skal beskrivast i program for utsleppskontroll.

Programmet for utsleppskontroll skal sendast til Statsforvaltaren før anleggsstart.

7.2 Overvaking av resipient

Verksemda skal sørge for overvaking av verknaden anleggsarbeidet har på resipienten. Overvakingsprogrammet skal vere utarbeidd av fagfolk med kompetanse på fiskebiologi.

Overvakinga skal omfatta verknaden av tiltaket på elvesedimenta som habitat og gyteområde for laks og sjøaure. Elvedimenta før, undervegs og etter tiltaket skal undersøkast, slik at justeringar kan gjerast undervegs og uønskt utvikling kan stoppast.

Dersom overvakinga viser redusert kvalitet på Løyken eller Gaula som habitat for fisken, så skal de gjennomføre restaurering og habitatforbetrande tiltak for å rette opp forholda. Overvakinga og eventuelle tiltak i elva skal gjerast av personell med kompetanse på området. Dersom det allereie ligg føre tilstrekkeleg dokumentasjon om dagens tilstand kan de sjå bort frå kravet om nye undersøkingar i forkant av oppstart. Dette må de då dokumentere og argumentere for i overvakingsprogrammet.

Overvakingsprogrammet skal sendast til Statsforvaltaren for eventuelle merknader.

Data frå overvaking i vatn, inklusiv sediment og biota, skal registrerast i databasen Vannmiljø (<https://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>). Data skal rapporterast på Vannmiljø sitt importformat. Importmal og oversikt over kva informasjon som skal registrerast etter Vannmiljø sitt kodeverk finst på <https://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>.

Der det går føre seg overvaking i regi av Statsforvaltaren eller vassregionstyresmakt må Statens vegvesen Region vest bidra i eit felles overvakingsprogram med data for dei kvalitetselementa i vassførekomsten som kan vere direkte eller indirekte påverka av verksemda sitt utslepp.

Resultata frå overvakinga skal sendast Statsforvaltaren innan tre månader etter at overvakinga er avslutta.

7.3 Sluttrapport

Verksemda skal sende rapport til Statsforvaltaren innan seks månader etter at anleggsarbeidet er slutført. Rapporten skal innehalde følgjande:

- Omtale av utført arbeid
- Samla omtale og dokumentasjon på effekt og avbøtande tiltak som er gjennomført for å hindre forureining



- Samla utgreiing for eventuelle vilkår i løyvet som ikkje er oppfylt, inkludert grunngjeving for avvik

8 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

8.1 Miljørisikoanalyse

Verksemnda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av sin aktivitet. Verksemnda skal vurdere resultatata med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle forhold ved verksemnda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på området til verksemnda eller utanfor. Ved endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Risikoanalysen skal ta omsyn til ekstremvær, flaum etc. og framtidige klimaendringar.

Verksemnda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

8.2 Førebyggjande tiltak

På basis av miljørisikoanalysen skal verksemnda, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, sette i verk dei tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere miljøriskoen. Dette gjeld både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak. Verksemnda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

8.3 Beredskapsetablering

Verksemnda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, om nødvendig, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljøriskoen som verksemnda til ei kvar tid representerer.

8.4 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med til gjeldande forskrift⁷. Verksemnda skal også så snart som mogleg underrette Statsforvalteren gjennom [svf/post@statsforvalteren.no](mailto:sfv/post@statsforvalteren.no) i slike tilfelle.

9 Tilsyn

Verksemnda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta eller andre som har styresmakt, føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.

⁷ Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269



Vedlegg 1 Liste over prioriterte miljøgifter

Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.

Utslepp av disse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkår i punkt 3 til 9.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølv-sambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmere	Vanlege forkortingar
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske sambindingar

Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksine og furan	Dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafin C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkan C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjedete klorparafin C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkan C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzen	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenylyl	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Triklorbenzen	TRI
Trikloran (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensid

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromusksambindingar

Muskxylen	
-----------	--

Alkylfenolar og alkylfenoletoksylat

Nonylfenolar og nonylfenoletoksylat	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenolar og oktylfenoletoksylat	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenolar (forgreina og rettkjeda)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP



Dodecylfenol m. isomerar	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)

Perfluoroktansulfonsyre (PFOS), inkl. salter av PFOS og relaterte sambindingar	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS), inkl salt av PFHxS og relaterte sambindingar	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salt av PFBS og relaterte sambindingar	PFBS, PFBS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske sambindingar

Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarbon**PAH****Ftalat**

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

Bisfenol A**BPA****Siloksan**

Dodekametylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filter

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350